

Med
**Bondeungdomslaget
i Steinkjer
i 100 år**



1909 – 2009

Føreord

LANGEMANNMÅL OG HJEMMENS FOLKEHØGSKOLEN I STEINKJER

Når eg tok på meg å prøve å samle bitar om Bondeungdomslaget i Steinkjer gjennom 100 år, 1909 – 2009, var det fordi eg kjenner omrisset av ei søge som er i ferd med å bli glømt. Det er nær og fargerik kulturhistorie, og ein godbit av livet i Bygdenes By – Steinkjer.

Eigedelar og arkiv til BUL brann opp da byen vart bomba i april 1940 og møteprotokoll for tida 1960 – 1990 er på avvegar.

Det er plukka opplysningar frå årsmeldingar, avisreferat og andre tenkelege skrifter for å gi liv og ansikt til det som ein gong var.

Ein stor takk til alle som har hjelpt til på ymse måtar. Ikkje minst til Hild, som eg eldest i lag med. Ho har siste året brukt lange stunder til skrivearbeid.

Det som er funne blir gjenngitt minst muleg "sminka" og fritt for synsing og vandrehistorier. Språket er delvis sitat/avskrift og elles fritt brukt. Håper det kan vere til læring og glede for noen i åra og tida som kjem.

Dagrun Gravbrøt har skrive om Feiar'n.

Dette er oppramsingar av aktivitetar. Andre kan skrive ein betre historikk ved eit seinare høve.

Markstein, oktober 2009

Morten Kluku

Fram- og bakside:

Banneret til Bondeungdomslaget i Steinkjer.

Foto: Fotolina/Sund Folkehøgskole, i samband med "Faneprosjektet i NU".

Starting av bondeungdomslag i Steinkjer


og om livet i laget fram til 9. april 1940

3 I 1900 kom Adolf Ribsskog til Steinkjer folkeskole som lærar. Han hadde vene-
20 kretsen sin i Steinkjer mållag, som vart starta i 1902. Dei hørte at Kaffistova, som
21 Bondeungdomslaget i Oslo hadde starta i 1902, vart ein stor suksess. Og det var eit
23 ønske frå mange både i byen og ikkje minst av folk frå bygdene, om ein større kafe i
25 Steinkjer med god og rimeleg mat. Adolf Ribsskog tok opp ideen gjennom mållaget og
26 vart mannen som realiserte tanken og organiserte det heile fram til skiping av lottlaget
27 påskeaftan 18.april 1908. Av lotteigarane var 14 frilynde ungdomslag frå bygdene kring
28 Steinkjer. I formålet heiter det:

30 *"Kaffistova sitt fyremål er å fremja og stydja landsmålet og alt norsk arbeid, og å*
31 *vera ein triveleg samlingsstad for landsfolk og byfolk, kor norsk sed og skikk vil verta*
34 *atterreist i husbunad, matstell og lignande."*

36 Det er Kjell Saxvik som har skreve saga om Kaffistova på Steinkjer, der det m.a. står:

38 *"Av disse ungdomssamlingene på Kaffistova ble iallfall skapt en av de mest*
63 *virksomme og miljøskenede foreninger Steinkjer har hatt, nemlig Bonde-*
67 *ungdomslaget."*



Kaffistova 1909 (bildet er utlånt av Foreningen Gamle Steinkjer).

Det hadde seg slik at kaffistova i Steinkjer hadde skipa til ein festkveld for jentene sine, og for å få til fest måtte dei ha med gitar. Det vart ein heil liten ungdomsflokk samla. Dei hadde det så gildt, at dei ville samlast slik ein gong i mellom. Det kunne dei vel få til dersom dei skipa eit lag – eit bondeungdomslag. Der var tanken, og han var ikkje til å sleppe. Det vart laga eit skriv som vart sendt til slike dei meinte kunne ha interesse av å vere med, det lydde slik:

"Underskrivne segjer seg viljug til å vera med på daning av eit bondeungdomslag for Steinkjer. Soframt minst 10 kvinner og menn skriv seg møtest me på Kaffistova onsdag no kjem kl. 9 ½ om kvelden til vedtaking av lover og valg av styre m.v.

4.9.1909

J. Hatling, H. Bakken, Petter Aune, Birger Austad, Marie Lyngstad, Ole Skjerve, Petter Kr. Forfang, Marta Oksvold, K. Ystines."

Inntrøndelagen 22/9-09 annonse:

"Bondeungdomslaget for Steinkjær og næraste bygdelag vert skipa paa eit møte som vert halde no sundagskvelden kjem 26de des kl ½ 9 em i avholdslaget sitt hus paa Steinkjær. Vedtaking av lover og valg av styre vert foreteke"

Inntrøndelagen 27/9-09 Referat:

"Bondeungdomslaget for Steinkjær og omegn blev stiftet i gaarkveld med 30 medlemmer. Lærer Karl Kippe holdt på greitt landsmaal et særdeles fint og tanke- væktig foredrag om "ungdomsarbeide", Som formann for laget blev valgt lærer Bakken og som styremedlemmer for øvrig valgt: Karl Kippe, Marta Oksvold, Ole Skjerve og Marie Lyngstad, med

Ole Strugstad, Ribsskog og Anna Asp som varamænd. Love for laget blev vedtatt. Formanden avsluttet møte med en manende tale, og uttrøkte ønsket om at det arbeide som nu skulde optas av bondeungdomslaget måtte evne aa føre ungdommen frem i opplysning og virkelig sand kultur".

*Haldor Bakken
1874 – 1940*

*Han var fødd
i Budal, var
formann i BUL
dei første 6 åra,
og sat 2 år til
i styre. (bilde
arkiv BUL).*



Alt den 8/10 vart det utlyst nytt møte med fordrag av redaktør Michael B. Olsen: "Naar den nye vin blomstrer" Upplesnad, spel og leik. 10 øre inngang for ikkje-medlemmer. "Tak med Seips-visebok". Dette møtet ga 30 nye medlemmer.

22/10: møte i Godtemplarlokalet med foredrag av folkehøgskulelærer Nybø om "Kongedømet i ætti hans Harald Haarfagre".

17/11: foredrag av adjunkt Severin Eskeland om "Spel og spelemenn paa bondebygdi" han spela og på hardingfele til ein fullsett sal.